



Ny kyrkjeverje

6 Frå 1. september er Annlaug Børve ny kyrkjeverje i Øygarden.



4 Barnevennlege gudstenester og personalnytt

5 Kvila – ei gåve frå Gud

8 Diakonitur til Institutt for sjelesorg

9 Fire barne- og ungdomsarbeidarar gler seg til å kome i gang

10 Jobbar dugnad for tur

Korona og utleige/utlån av kyrkjelyssalar og kyrkjelydshus

Me kan dessverre ikkje leige ut/låne ut kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus. Denne ordninga gjeld førebels ut september 2020. Dette er av omsyn til smittevernet. Me vil oppdatere vår nettside om dette temaet i månadsskiftet september/oktober og i neste kyrkjeblad.

Organisering av Den norske kyrkja

Kyrkjemøtet har starta ein prosess med å utforme framtidens organisering av Den norske kyrkja. Det er i dag to arbeidsgivarlinjer og målet er å få organisert kyrkja slik at alt vert samla i den same strukturen. Dette er eit omfattande arbeid der mange må involverast, også kyrkja lokalt. I 2022 skal Kyrkjemøtet handsame tilrådinga frå Kyrkjerådet. Utover hausten i år vert det m.a. lokale innspelsmøte.

Ny gudstenesteordning

Den norske kyrkja får revidert gudstenesteordning (gjeld ny liturgisk musikk) frå 1. søndag i advent. Dette er vedteke på Kyrkjemøtet i 2019. Bispemøtet har drøfta om denne datoen bør utsetjast men er kome fram til at ein held på denne fristen samtidig som det går an å søkje om utsetting til 1. søndag etter påske 2021.

Sokneråda må drøfte lokal ordning og det skal også vere eit soknemøte.

Bispevisitas i Hjelme og Blomvåg



Biskop Halvor Nordhaug i Foldnes kyrkje.

Det er 15 år sidan sist, no skjer det igjen. Merk deg datoen: 3., 4. og 7. februar 2021.

Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik
Redaktør



Takk

1. september var det leiarskifte i organisasjonen. Annlaug Børve er no kyrkjevevjerje i Øygarden. Ho vert presentert i dette bladet. Eg ønskjer Annlaug alt godt som kyrkjevevjerje. Leiarskiftet har vore planlagt i lengre tid.

Eg tok til i stillinga som kyrkjevevjerje i gamle Øygarden i år 2000, men hadde permisjon i perioden 2001 til 2011 då eg var ordførar. Eg kom tilbake i stillinga i 2011. I 2017 vart eg spurt om å vere kyrkjevevjerje i Fjell og Sund for ein periode. Det varte fram til no, inn i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Eg fekk også ansvaret for å leie arbeidet med å slå saman fellesrådsområda som følgje av kommunesamanslåinga. Det har vore ei spennande og utfordrande tid med mange gjeremål. Dyktige medarbeidarar og engasjerte folkevalde har vore viktige medspelarar. Eg vil takke alle eg har møtt og samarbeida med i mi tid som kyrkjevevjerje.

Korona

Du kan trygt delta på annonserte samlingar i regi av oss.

Me hadde eit håp om at mindre smitte skulle føre til meir normal aktivitet utover hausten. Det vert dessverre ikkje tilfelle. Det er t.d. fortsatt avgrensingar i deltakartal og det er strenge smitteverntiltak.

Faren for smitteoppbløming gjer at smitteførebyggande tiltak er like viktige no som tidlegare. Det er viktig at våre tilsette og alle som kjem til samlingar i vår regi følgjer alle smitteverntiltak og den rettleiing som vert gitt ved gjennomføring av samlingane.

Eg ønskjer deg ein fin haust.

Til sist: Bli sterke i Herren,
i hans veldige kraft!

Efesarane 6,10

Andakt

Avstand og nærleik

Å halda avstand har me høyrte mykje om i det siste. Einmeteren har Erna, Bent og andre snakka om sidan mars, og den gjeld enno.

Eg tenkjer på to læresveinar når det gjeld å halde avstand.

Peter hadde alltid vore der det skjedde. Han ville få med seg alt på nært hald. Då han svikta og banna på at han ikkje visste kven Jesus var, hadde dette med avstand å gjera. Han hadde kome på avstand frå Jesus. Fallet hadde høgst sannsynleg ikkje skjedd om Peter hadde vore saman med Jesus, då hadde Peter behalde motet. Det er lettare å forneakta og baksnakka om ein er frå kvarandre. Avstand skapar til sist kulde. Men Jesus drog Peter inn til seg igjen. Det er alltid nåde å få for fortapte menneske. Nåde er det når alt er tapt, og få alt tilbake.


Tomas var annleis. Han heldt av natur litt avstand. Han var ikkje til stades då Jesus viste seg for læresveinane etter oppstoda. Han hadde trekt seg bort frå fellesskapet. Kanskje var dette medverkande til tvilen hans? Tvil er godteke, tru og tvil er tvillingen. Men ein god måte å hanskast med tvilen på, er ikkje å søkje seg bort, men heller søkje seg nær Gud og andre menneske som òg har tru og tvil. Jesus inviterte Tomas heilt nær seg. Han fekk trua og tilliten attande då han fekk stikka fingaren i Jesu sår.

Kor plasserer du deg i forhold til Jesus? Nær eller på avstand? Bibelen gjev ei oppmoding: «Hald dykk nær til Gud, så skal han halde seg nær til dykk» (Jak 4,8). Og salmen «Nærmere deg min Gud» får fram at det å halde seg nær til Gud, kan vere ei lengsle og ei bøn. Kanskje det siste verset i salmen kan vere ein bøn for deg no?

Høyt over stjerners hær stiger min sjel
Herre, du evig er min lodd og del.
Tung eller lett min gang, alltid det blir min sang:
Nærmere deg min Gud, nærmere deg.

Espen Tveten

Sokneprest Hjelme og Blomvåg



Illustrasjonsfoto: Unsplash.com

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Kjem ut i 2020:

11. september,
9. oktober og
11. desember
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgjevar: Øygarden sokneråd
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik
Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim
Trykk: Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontingent: Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

Takkeannonser: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:
3628.07.02557 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Telefon: 55 09 74 40

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:
www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: kyrkjaioygarden

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:

Espen Sigve Tveten

E-post: et838@kyrkja.no

Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet:

Erling Vik

E-post: erl-vik@online.no

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd: 976 995 430

Bankkonto for gaver til arbeid i soknet: 3628.55.90870

Gaver kan du også gje ved bruk av appen Vipps

Barnevennlege gudstenester



Smittevernrestriksjonar gjer at me ikkje har søndagsskule på vanleg vis i gudstenestene våre.

Difor gjer me nokre grep for at barna ska kjenna seg ivaretatt i gudstenestene. Dette gjeld både songar, forkyning og andre aktivitetar undervegs. Me ynskjer eit godt opplegg for både små og store.

Me ynskjer hjarteleg velkomen til alle foreldre som vil ha dåp av sine barn. Om det vert meld inn meir enn eit barn til dåp, vert det eigen dåpseudsteneste kl. 13.00. Dette på grunn av plassrestriksjonar.

Følg med på våre nettsider www.kyrkja.no/oygarden og Facebook om korleis hausten i kyrkja vart.



Personalnytt

Mathilde Karin Dale (27) er tilsett i vikariat i Øygarden kyrkjelege fellesråd fram til april 2021. Ho skal arbeide som administrasjonskonsulent med oppgåver som resepsjonsteneste, konfirmantadministrasjon, koordinere HMT-arbeidet for verksemda, personalarbeid, leing av eitt sokneteamb samt andre førefallande oppgåver.

Mathilde har i seinare tid arbeida som ungdomsarbeidar og kyrkjetenar.

Kvila – ei gåve frå Gud



Me legg somaren bak oss. Eg vonar den har gjeve gode dagar og kvile, sjølv om den for nokon ikkje vart slik som planlagt dette koronaåret.

Espen Sigve Tveten

Sokneprest Hjelme og Blomvåg



For meg har det aldri vore viktig om verda vart skapte på seks dagar eller seks milliardar år. Det viktigaste med skapingshistoriane i Bibelen er ikkje å utleggje korleis verda vart til, det kan naturvitskapen ta seg av, men at jorda vart til med ein plan og hensikt. Og at det står ein god skapar bak.

Skapinga i 1. Mosebok får eit overraskande klimaks. Når alt er skapt, då kunne ein vente ei spektakulær fortsetjing. Men klimakset er kvile. Her skjer ein viktig ting, kvila finn plassen sin i skaparverket.

Kvila vert opphøgd

Ofte treng me kvile etter ein lang periode med slit. Det er vanleg å tenkje på søndagen som ein annleis kviledag i slutten av veka. Men i Bibelen er det annleis, der er kviledagen det første og det viktigaste. Følgjer me skapingskjemaet i 1. Mosebok, er det første menneska skulle gjere då dei hadde fått tilgang til heile jorda, å kvile. Til og med Gud trong kvila «...men den sjuande dagen kvilte han og pusta roleg ut» (2 Mos 31, 17).

Kvila vert her opphøgd til noko særskildt verdfullt. Dette er gode nyheiter for slitne kavarar i alle aldrar. For er det noko me ofte gjer, så er det å jukse med kvila. Ein dag for kvile vert køyring og henting, ein klesvask

og førefallande arbeid. Ein time med kvile vert distraherert av surfing på mobilen.

Kvila kan me tenkje er sentrum, og rundt sentrum er det liv. Av den grunn blir søndagen så viktig, ein heilag annleisdag me er gitt for kvile og ro. Den svenske pastoren Tomas Sjødin skriv at «når Gud etter seks skapingsdager trer inn i stilla, er det som han trer inn i hjarte av skapinga. Og det er først når kvila finst, at historia er komplett. Her aner me at kvila ikkje berre er tomleik, men ein stad som yrer av liv. Å kvile er ein invitasjon til å stiga inn og delta i Guds eiga glede over skaparverket.»

«Der ute søkte eg deg, men du var i meg»

Å kvile er ikkje unyttig. I tillegg er Gud òg i kvila. Han trekk seg ikkje tilbake når me ikkje er produktive. Det er heller ei djup sanning at me treng kvile for å henta oss sjølv inn at. I kvila kan me finna att oss sjølv som me kan ha mista i maset. Ved å stoppa opp, kan me og finne Gud.

Gud har tatt bustad i oss gjennom dåpen og trua. Det betyr at det me ofte strevar med å finna dei ute, det finnst allereie i oss. Augustin har sagt: "Der ute søkte eg deg, men du var i meg – sjølv om eg var langt borte frå deg. Du rørte ved meg, og eg lengta etter freden din. No legg eg håpet mitt i den store nåden din åleine".

Søndagen er ei fantastisk oppfinning, ein dag til å stanse opp for Gud og oss sjølv. Medan me seks dagar gjer alt mogeleg, har me den sjuande til å gjere noko anna. Eg hugsar frå barndommen at me kunne setja oss i bilen og køyre av gårde utan anna mål enn sjå på noko, sjå på hus i eit nytt bustadfelt, sjå på ei utsikt, eller sjå om nokon me kjende var heime. Då kunne me gjere noko så utruleg som å ringja på utan å ha sagt ifrå først. Kva for dag skjedde dette? På søndagen sjølv sagt. Den dagen jobba ikkje mor mi og far min og gjorda ikkje anna enn fjøsstellet. Etter kyrkjetid og middag var det rom for noko annleis.

Det ulønsame er viktig

Kviledagen er ikkje tømd for innhald, han er fylt med innhald. Ein litt lenger samtale, ei bok, kyrkjegong, søndagsskule, ein tur, ein kvil på sofaen. Samfunnsøkonomisk gjev dette lite attande. Likevel er det dette me treng. Me får opp auga for kor verdfullt det «ulønsame» er.

Det er noko djupt nådefullt med kvila og kviledagen. Me er elska av Gud før me har rokke å gjere noko lønsamt og produktivt. Det er ikkje utan grunn at kviledagsbodet er mellom dei første boda Gud gav oss. God kvile og god søndag!

Annlaug Børve er ny kyrkjeverje i Øygarden

1. september gjekk Olav Martin Vik av som kyrkjeverje i Øygarden. Ny kyrkjeverje er Annlaug Børve. Leiarskiftet vart avklart og bestemt i samanslåingsprosessen.

Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim



Du har vore med i prosessen med å slå saman fellesråda i Fjell, Sund Øygarden. Når du no ser tilbake, korleis var denne tida?

Eg er ein type som likar å vere undervegs, og syntest difor først og fremst prosessen var spennande og utviklande. Mellom anna jobba vi med å utarbeide ein felles visjon og verdiar for det nye fellesrådet, og i den prosessen delte vi våre personlege visjonar med kvarandre. Det var både inspirerande og trusstyrkande. Eg opplevde også at det var ein god prosess i høve til at alle vart engasjerte, og at vi vart godt kjende på tvers av dei gamle fellesrådsgransene. Så er det ikkje til å stikke under ein stol at det mykje som skulle gjerast, og dermed var det også ei ganske travel tid.

Du skal leie det nest største kyrkjelege fellesrådsområdet i Vestland, kva tankar gjer du deg?

Eg tenkjer at det er eit privilegium å få vere leiar i eit stort fellesråd med

mange dyktige, kreative og engasjerte medarbeidarar. I eit slikt miljø handlar leiing i stor grad om å støtte og leggje til rette for at den enkelte får brukt mest mogeleg av dei evnene og gåvene som han eller ho har. Viktige nøkkelord er samarbeid og tverrfaglegheit – alle må få sleppe til. Så er det også viktig å vere bevisst på at kyrkjelydane innan fellesrådsområdet vårt er forskjellige, og at dei skal få vekse og utvikle seg med kvar sine særpreg, tilpassa behovet til menneska lokalt.

Kva vil du prioritere først av oppgåver når du no tek over som kyrkjeverje i Øygarden?

Eg er heldig å få ta over eit veldrive fellesråd, der mykje handlar om å vidareføre det gode arbeidet som allereie er etablert. I dette arbeidet vert vi i stort og smått sett på val, daglegdagse etiske dilemma og problem må finne si løysing. Det er viktig at vi har ein etisk sensitivitet

som gjer at vi oppdagar og kan setje ord på slike situasjonar, og kan reflektere over kva som er dei rette og gode vala. Dette handlar om at verdiane våre skal få konsekvensar for handlingane våre. Eg vil prioritere høgt å arbeide for ein kultur der vi saman reflekterer over praksisen vår, kva haldningar som bør prege arbeidet, og korleis rutinar og system bør vere innretta for at tenestene våre skal halde høgast mogeleg fagleg og etisk kvalitet.

Kva tenkjer du vert hovudutfordringar framover?

Eg tenkjer at det er ei stor utfordring for oss å hindre utanforskap. Nokre sentrale utviklingstrekk kommunen peikar på er at fleire menneske står utanfor fellesskapen som følgje av mangel på økonomiske og materielle ressursar. Det er aukande grad av barnefattigdom og ungdom som ikkje har tilgang på sosial støtte, og mange einsame mellom oss, for å nemne noko. Dette utfordrar oss sterkt på det diakonale

området, og på vår evne til samskaping, å arbeide saman med andre aktørar for at menneske skal kunne definere seg innafor.

Ei anna utfordring er å få tak i dei ressursane vi treng for å utføre det arbeidet vi ønskjer, både menneske og økonomi.

Kva rolle ser du for deg at kyrkja vil spele i lokalsamfunnet i åra som kjem?

Eg ser for meg ei kyrkje som er aktivt deltakande i å skape eit godt og rettferdig samfunn her i Øygarden. Då må vi kanskje vere litt meir på «bortebane» enn det vi er i dag, vi må ha meir samskaping, og vere meir oppsøkande.

Eg ser for meg at vi skal vere ei kyrkje for alle, som er på dei svakaste si side, og kan vere ei stemme for dei som ikkje maktar å stå opp for seg sjølv. Vi må vere ei kyrkje som følgjer i Jesus sine spor.

JOB:

- Personalkonsulent i Sjømannskyrkja 1997-2001
- Jurist i Øygarden kommune 2001-2008
- Kyrkjeverje i Øygarden kyrkjelege fellesråd (vikar) 2008-2009
- Kyrkjeverje i Fjell kyrkjelege fellesråd 2009-2017
- Personalleiar i samanslåingsprosessen Sund, Fjell og Øygarden kyrkjelege fellesråd 2017-2020

UTDANNING:

- 1997, organisasjons- og arbeidslivspsykologi, universitetet i Bergen
- 1997, Cand. Jur, Universitetet i Bergen
- 2008, Grunnerverv og ekspropriasjon i kommunar, universitetet for miljø- og biovitenskap
- Er i ferd med å avslutte masterprogram i verdibasert leiing ved VID vitenskaplige høgskole

Diakonitur til Institutt for sjelesorg

17.-21. august

Tekst: Hildegunn Børnes Myklebust



Toget frå Bergen tøffar inn på Vikersund stasjon i nydeleg solskinn og 29 grader. Ellen Ebbesvik som arrangerer turen for oss, tek imot oss saman med Rune Stray, instituttprest på Sjelesorgsenteret. Snart sit vi i taxiar og bilar og køyrer forbi kornåkrar og sletteland før vi kjem fram til den svært så høge granskogen med turstiar som snirklar seg innover og er klar for å ta imot turfolk i alle aldrar. Vi er framme til institutt for sjelesorg, Modum bad.

Vi er 19 stykk frå Øygarden kommune som er saman på tur. Alt ligg til rette for fellesskap gode samtalar, nye kjennskap og påfyll for heile mennesket. Tema som er oppe er blant anna:

-Korleis vi kan vise omsorg for kvarandre i kvardagen, vise vennlegheit og vera barmhjertige; gi kle til den som treng det, besøkje den sjuke, sjå om den som er i fengsel, ta imot den framande, -at kjærleiken syner seg i handling. På same tid har Gud skapt oss med grenser, som er ein positiv ting. Kvile og å trekkja oss tilbake er også ein del av Bibelen sitt gode syn på å leve.

-Vidare vart mellomrommet vi lever i tatt opp. Vi har hatt eit før, og håpar på eit etter Covid 19. Korleis er det å vera i dette mellomrommet?! Einsemnda med å sitje aleine og vente. Dei faste møteplassane er borte, saknet av det sosiale, nærleik og berøring. Kven er Gud oppi alt dette. Korleis er mitt gudsbilete. Kva seier

følelsane våre/erfaringane våre, kva openbaring gjev Bibelen om kven Gud er? Eit vers frå Jes 57,15. vart trekt fram: «I det høge og heilage bur eg, og hos den som er knust og nedbøyd i ånda» Vi fekk mykje nytt å tenkje på og mat for gode samtalar.

Den sosiale samlinga på kveldane var samansveisande med deling av vitnesbyrd, konkurransar, songar og mykje prat og latter. Vi fekk også ein tur vi kjem til å hugse til The Twist på Kistefoss som gav oss mange inntrykk gjennom kunsten som var utstilt både ute og inne.

Takk for nydelege dagar saman.

Til neste år vert det ny tur, same tid og same stad. Kanskje du vil bli med? Du er hjarteleg velkommen.

Fire barne- og ungdomsarbeidarar gler seg til å kome i gang



Tekst og foto: Hogne Berland

Matilde Solsvik (21 år)

Matilde er frå Vik og arbeide her også i fjor. I år startar ho på lektorstudie i nordisk i Bergen. Ho skal arbeide mest med konfirmantane og med bibelgruppe.

Kva forventningar har du til året?

Eg gler meg veldig til å sjå utviklinga av ungdomsarbeidet i kyrkja og å sjå igjen konfirmantane. Eg gler meg også veldig til konfirmantleiren. Eg ønskjer å jobbe i kyrkja fordi eg elsker å jobbe med born og ungdom og vil hjelpe dei å finne svar på spørsmål om trua og bidra til å starte samtalar og refleksjon rundt tru.

Lill Grete Stranda Rossnes (25 år)

Lill Grete er frå Rognan i Nordland og studerer på lektorstudie i engelsk i Bergen. Ho har arbeidd her i tre år. Ho har vore i morspermisjon sidan januar då Olivia vart fødd, men no er ho tilbake på jobb hos oss! Ho skal vera mest på leir og med dei eldste

ungdomane. Olivia brenn også veldig for ungdomsarbeid og blir nok også litt med.

Kva gler du deg til i år?

Eg gler meg til å møte ungdomane igjen, bli endå betre kjent med dei og ha det kjekt! Eg kjem sjølv frå ein liten plass og opplevde å ikkje ha stader der eg kunne vera saman med kristne ungdomar. Eg synes derfor det er veldig kjekt bidra til å lage ein arena der ungdomane kan komme og høyre om Jesus.

Kristine Flåten (22 år)

Kristine er frå Blom er ny tilsett i år. Ho startar også på lektorstudie i Bergen i år, men i naturfag. Ho skal arbeida mest med leir på Skjergardsheimen.

Kvifor søkte du på jobb som barne- og ungdomsarbeidar i kyrkja?

- Eg synes det er viktig at barn og ungdom får moglegheit til å vera med i eit kristent

fellesskap og lære meir om Jesus. Eg trivest godt med barn og ungdom og gler meg til å bli kjent med dei! Eg håpar å finne på mykje gøy og også vokse i mi eiga tru.

Kristian Siljuholtet (28 år)

Kristian er frå Meland, men bur no på Rong saman med kona Sarah og det siste tilskuddet til famielie, sonen Samuel. Han jobbar på Danielsen ungdomsskule på Sotra og studerer pedagogikk. Han skal arbeide mest med konfirmantane og bibelgruppe.

Kvifor ønsker du å jobbe med konfirmantar?

Det er ei kjekk aldersgruppe eg trives godt saman med. Det er også denne alderen mange startar å reflektere og ta stilling til spørsmål om tru. Eg håpar eg kan bety ein forskjell og hjelpe dei å ta gode valg. Eg håpar alle skal få ei super konfirmasjonstid!

Jobbar dugnad for tur

15 ungdomar planlegg tur til Peru i påska 2021 og er i gang med å samle inn pengar. Det er ingenting å sei på dugnadsinnsatsen, men kva gjer dei dersom dei ikkje kan reise?

Tekst og foto: Hogne Berland



Benkegjengen. Bak: Steffen Hernar og Maria Solsvik. Framme: Victoria Bru Waardal, Michelle Bergstrøm Gjelsvik, Ida Fløisand-Hansen.

På Rong senter er det ein nokså vanleg lørdag og ikkje mange legg merke til at det er full aktivitet i garasjen under parkeringsplassen. Her står nemlig fem ungdomar og beiser parkbenker som dei har bygd tidlegare i år. Benkane er allerede seld og det er komt bestilling på fleire. Pengane frå salet går til turkassen. Dette er eit av fleire prosjekt dei har gåande i år for å samle inn pengar til studietur.

I ein pause i arbeidet spør vi kvifor dei har meldt seg på denne turen. Alle fortel ivrig at det virka både spennande og gøy å få reise til Peru. Maria Solsvik understreker også at det blir ein fin gjeng å reise på tur med. «Vi er ein gjeng som har det veldig kjekt i lag. Eg trur det vil bli kjekt å få ein slik opplevelse saman!». Steffen Hernar er einig og legg til at han trur ein tur som dette

kan gjera samholdet endå sterkare. Dei understreker også at det vert spennande å møte kristne i Peru og sjå korleis misjonærene jobbar.

Steffen er den som har vore ivrigast på å bygge benkar og leder med flest timar med skrumaskina. «Eg føler det er her eg kan gjere ein best jobb, så det er kjekt å bruke tida på dette». I tillegg til å bygge benkar har ungdomane malt løe, rydda hage, servert i konfirmasjonar og arrangert flaskeinnsamling og basar. Michelle Bergstrøm Gjelsvik og Victoria Bru Waardal synes foreløpig det går veldig fint å jobbe dugnad. «Det er veldig kjekt faktisk. Det er både gøy og sosialt å gjera også dette saman. Og så er det fint å gjera ein eigeninnsats og kjenne at vi arbeider for å få til denne turen.»

Det er sjølvsagt mykje usikkert med å planlegge ein tur til Peru slik verda er i dag. Difor har ungdomane fått beskjed om at ein også må sjå på andre alternativ. Kanskje kan turen utsettast? Eller kanskje kan ein finna eit anna reisemål? «Det vil sjølvsagt vera litt skuffande dersom det ikkje kan bli slik som vi har planlagt», seier Ida Fløisand-Hansen. «Men vi har fått vite at det uansett blir tur. Sjølv om vi kanskje ender opp med å reise ein annan stad, er eg sikker på at det uansett blir gøy med denne gjengen!»

Fleire av ungdomane seier at dei er veldig åpne for tanken om å sjølv reise ut som misjonær ein gang. Kanskje er det nokon av desse som tar i mot nye ungdomar på misjonstur ein eller annan stad i verda om nokre år?



Ferdigmalt løevegg



Fire benkar snart klare

Hogne har ordet

Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



Kva er sanning?

For mange år sidan vart ein mann dømt til døden av ein guvernør i den romerske provinsen Judea. Guvernøren var Pontius Pilatus. Han visste det nok ikkje då, men dette vart den mest kjente domen i verdshistoria. Mannen som vart dømt til døden var nemleg Jesus, som hadde kalla seg sjølv for Guds son. Mange meinte at dette ikkje gjekk an å sei og ønska han død. Det var både arrogant og blasfemisk å gjere seg sjølv lik Gud på denne måten, meinte dei.

I avhøyet før domen seier Jesus til Pilatus: «Til dette er eg fødd, og til dette er eg komen til verda, at eg skal vitne om sanninga.» Pilatus svarar med dette berømte spørsmålet: «Kva er sanning?» (Joh. 18,37-38). Spørsmålet vert hengande i lufta, men han er ikkje den siste som har stilt dette filosofiske spørsmålet. Mange har grubla på det same.

I dag stiller også mange seg dette spørsmålet. Kvifor skal det den eine trur på vera meir sant enn kva den andre trur på? Då passar det kanskje dårleg å sei at vi trur at Jesus er Sanninga med stor S. At han verkeleg var Guds son. At han opna vegen til himmelen då han døydd på krossen. At han er den einaste vegen til himmelen. Det er ikkje vanskeleg å forstå det dersom nokon synes dette verkar arrogant. Det er nemleg arrogant - dersom det er feil.

Men dersom det er sant, er det å fortelja om det, det viktigaste og mest kjærlege vi kan gjera.

Ønskjer du å bestille ein parkbenk?



Bestill på mail: hb369@kyrkja.no

Pris utan beis: 2490 kr.
Pris med beis: 2990 kr.

Dette skjer

Med atterhald om endringar og avlysingar.

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

3. oktober: Leirdag 1. klasse
4. oktober: Leirdag 2. klasse
7.-8. november: 3. klasseleir
4.-6. desember: Adventsleir 4. klasse

REFUEL

18. september
2. oktober
16.-18. oktober - Hyttetur
30. oktober
13. november
27. november
11. desember - Julebord

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

11. september
25. september
23. oktober
6. november
20. november
4. desember
11. desember - Julebord

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegget.
E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

- Snitter
- Varmmat
- Baguetter
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap
Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no
Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

• Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
• Moderne bilverksted m EU/kontroll
• Reparasjon av alle bilmerker
• V askehall
• Kaffiavtale
• Gass

BLOM SERVICESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

SPAR
- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten
Velsmakende varmmat
Fristende frukt og grønt
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20
SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag - lørdag
kl. 07.00-23.00

NORGESHUS NORGESHUS
TH Bhas Bygg Øygarden Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjennet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Montér

Øygarden Byggsenter AS
Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO
Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

Bergen Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Ønsker du sol hjem?
Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as
Tlf: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Vi formidler blomster til innland og utland

Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

TORSVIK MUR
Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper

Vidar Vik Torsvik
murmester
Dalekletten 44
5337 Rong
Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

• Tilbygg
• Nybygg
• Rehabilitering
• Montering og utleige av brakker

Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



Etablerer innbyggjartorg i kjøpesentera

Øygarden kommune samlokaliserer innbyggjarservice med biblioteka og etablerer nye kommunale innbyggjartorg i kjøpesentera på Straume, Skogsskiftet og Rong.

Opningstider frå 31. august:

Skogsskiftet/Rong:

Måndag	09.00-16.00
Tysdag	09.00-16.00
Onsdag	09.00-16.00
Torsdag	09.00-19.00
Fredag	09.00-16.00
Laurdag	Stengt

Straume:

Måndag	09.00-16.00
Tysdag	09.00-16.00
Onsdag	09.00-16.00
Torsdag	09.00-19.00
Fredag	09.00-16.00
Laurdag	10.00-15.00

Sentralbord til kommunen, tlf. 56 16 00 00, er ope måndag – fredag frå 08.00-15.30.

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Til lukke

70 år

- 3. okt Elin Dybvik Andersen, Råkebyggane 13
- 5. okt Asbjørn Vestheim, Arsettunet 14

75 år

- 12. sept Kåre Ingolv Sæle, Sjøneset 20
- 23. sept Marius Kristoffer Sæle, Løtevegen 93
- 28. sept Lillian Troland Jensen, Sturevegen 178

80 år

- 9. sept Åge Renland, Veslevarden 48
- 14. sept Villie Petro Nygård, Osundet 4
- 27. sept Margit Alvheim, Jensvardvegen 12B

Døde

Blomvåg

- Oddvar Myren, Rong f. 1952
- Jenny Alvhild Rong, Rong f. 1926
- Oddlaug Kirsten Ellingsen, Oen f. 1938
- Asbjørn Jarl Rong, Rong f. 1946
- Anna Katrine Blom, Blom f. 1926
- Elise Veronica Børmo, Ådnevik f. 1974
- Hans Andreas Sæle, søre Sæle f. 1937

Hjelme

- Norvald Hellesøy, Hellesøy f. 1933

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringjer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Døyppte

Blomvåg

- Tuva Blom Hvam, Bergen
- Arthur Widding-Breivik, Veslevarden
- Tomine Solsvik, Veslevarden
- Benedikte Draugsvoll Haugetun, Raudhammaren
- Casper Breivik, Knappen

Hjelme

- Henrik Solheim, Vik

Vigde

Blomvåg

- Birgitte Haugetun Sebjørnsen og Martin Jonas Nakken (vigd på Torsvik)
- Eline Økland og Jørgen Vik
- June Hernar og Thomas Sæle Hovden
- Mariann Løvmo og Stian Osberg Lynghaug

Hjelme

- Emilie Skjold og Nikolaj Ladekjær Knudsen

Bibeltimar

Nautnes bedehus hausten 2020

Torsdag 24. september kl 19.00
Asle Hetlebakke

Torsdag 22. oktober kl 19.00
Christian Skoge

Torsdag 26. november kl 19.00
Asle Hetlebakke

Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

Hellesøy/Nautnes/
Tjeldstø bedehus

Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

13. sept kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste, denne er reservert konfirmantane og deira familie og gjestar.

20. sept kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til Strømmestiftelen. Nattverd

27. sept kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til NLA-høgskulen.

4. okt kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Åpne dører. Nattverd.

11. okt kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til NLM-Ung. Nattverd



Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.


Du kan også lese om kyrkja si
verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

**Distribusjon i
Hjelme og Blomvåk sokn:**
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor
Hjelme og Blomvåk sokn:**
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap
Ta kontakt med kyrkjekontoret på
tlf. 55 09 74 40 eller e-post til
post.oygarden@kyrkja.no for påmelding



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd